



Kålås Bygg AS
Lars A. Hagesøter
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15517 - 21/7658

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
03.02.2021

Godkjent endring av gitt løyve - gbnr 188/48 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: **Saknr: 162/21**
Tiltakshavar: Stein Raunehaug
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 20-3/20-4 § vert søknad om endring av gitt løyve for oppføring av garasje godkjent.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av garasje , jf. vedtak datert 30.09.2019. Endringa gjeld endra storleik på tiltaket, ved at garasjen vert redusert frå 52m² til 41,8m² (BYA) og endra plassering ved at garasjen vert flytta nærare vegmidte kommunal veg.

Det vert elles vist til søknad mottatt 11.09.2020.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Kommunen etterspurte avklaring ved mail til ansvarleg søkjar 21.09.2020, vedrørende endra plassering av tiltaket.

Dette etter at lokal vegstyresmakt 06.09.2019 hadde gjeve dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg, med vilkår om at avstand mellom garasje og midte kommunal veg skal vera 7,3 meter.

Ansvarleg søkjar har ikkje svart på vårt skriv.

Søknaden var difor først klar til handsaming etter uttale frå lokal vegstyresmakt 01.02.2021.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Felt C Industriområdet Knarvik er definert som bustad.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 25% BYA.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå lokal vegstyresmakt

«Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning vil akseptere at garasje vert flytta nærare vegmidt enn det som er gitt i løyve datert 06.09.2019. Minste avstand frå vegmidte vert endra frå 7,3 meter til 6,44 meter. Vi gjer merksam på at øvrige vilkår som er gitt i løyvet, vil gjelde».

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i revidert situasjonsplan vedlagt søknad.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0,5 meter. Eigarar av gnr. 188, bnr. 709 har i dokument datert hhv. 18.05 og 25.05.2020 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0,5 meter frå nabogrensa.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadspiktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarslast i samsvar med pbl. § 21-3.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 20/15517.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kålås Bygg AS, Stein
Raunehaug
Stein Raunehaug

Torvhusmyrane 5913
2
Kvassnesvegen 5914
83

EIKANGERVÅG
ISDALSTØ

